



SWECO NORGE AS

Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2024/462-17	Kjell Anders Reigstad	08.07.2024

Delegert - Kommunestyret (KS), delegert saksnummer 21/24

Endring av reguleringsplan for Råolje- og petroleumsterminal- Gbnr. 63/35 og 63/36 Halsvik/Sløvåg - Planid 4635 - 2013002

Det er fatta følgjande vedtak etter delegert fullmakt

Gulen kommune vedtek i samsvar med plan og bygningslova §12-14 endringa av reguleringsplan Gulen industrihamn Gbnr. 63/35 og 63/36 Halsvik/Sløvåg Plan ID 4635-2013002 Sløvåg med plankart datert 04.07.2024 og føresegner datert 12.07.2024.

Bakgrunn for saka

Kort oppsummert. I naboplan/naboeigedom og tett i føreliggande plan er det søkt om å etablere vindturbin. I samband med dette må det gjerast tiltak i føreliggande plan, i hovudsak å etablerte større transformatorstasjon.

For planlagt kai 3 (nemnd og som kai 9) og næringsareal planlagt for petroleumsverksemd nærast naboplanen lyt tryggelikssona og dermed bruken av desse areala til slik verksemd reduserast, slik at vindturbinen kan etablerast i naboplan utan særskilde tiltak.

Elles er det gjennomført andre plangrep, her under rød støysone og faresone for høgspenning. Det er også sett av areal til ny transformatorstasjon. Vidare er det endringar på vegar og anna anlegg, slik at planen er i samsvar med slik det er bygd i området, og det er gjennomført utviding av vegareal og byggegrense slik merknad frå Statens vegvesen tilseier.

Kommunen har vurdert at denne planendringa kan gjennomførast etter forenkla prosess. Vi meiner dette er i samsvar med lova sin intensjon, vidare at saka er ein del av og samordna med NVE si konsesjonsbehandling som er ein noko tilsvarende og omfattande prosess.

Saka om planendring har vore på høyring i 3 veker. Det har vore ei utvida høyring til både private, offentlege instansar og andre relevante organisasjonar. Det er komen inn merknader frå 1 organisasjonar/verksemd, 7 offentlege instansar, og 1 private. Dei fleste merknadane i høve tiltak i planen er teke i vare gjennom mindre justeringar.

Etter ei samla vurdering finn administrasjonen at planendringa kan godkjennast som omsøkt med mindre plantekniske justeringar som er justert etter innspel, og etter forenkla prosess.

Utvida klagefrist

Klagefristen i slike saker er normalt 3 veker, jf. forvaltningslova §29. Pga av sumartid vert klagefristen sett til 07.08.2024 (4,5 veker).

Litt historikk i saka.

15.05.2024 Søknad om planendring av reguleringsplan etter forenkla prosess.

31.05.2024-21.06.2024 Høyring av planendring, 11 merknader, vert oversendt planleggjar

01.07.2024 reviderte plandokument frå Sweco

08.07.2024 reviderte dokument etter merknad frå kommunen.

For utdjupande historikk sjå tilsvarende planendringssak i naboplan gbnr 63/15.

Saka om konsesjonsuttalen finn ein på kommune si heimeside:

<https://www.gulen.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/planaktuelt2024/konsesjonsuttale-til-vindtubin-i-slovag/>

Medverknad

Utvida varsling, merknader og innspel

Endringssaka vart sendt på høyring i perioden 31.05.2024- 21.06.2024. (3 veker).

Det vart gjennomført utvida varsling her under nærbuande til planen og relevante lag og organisasjonar. Dei vanlege varslingspartane som berørte myndigheiter, eigarar og festarar av eigedomar som blir direkte berørt, og andre berørte vart også varsla i samsvar med pbl §12-14. Det kom inn 11 merknader fordelt på 10 avsendarar, her under myndigheiter (M), organisasjonar/næringsliv (O) og private (P)

M1 Statens vegvesen (SVV), datert 20.06.2024

M2 Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.06.2024

M3 Fiskeridirektoratet, datert 18.06.2024

M4 Vestland fylkeskommune, datert 21.06.2024

M5 NVE, datert 18.06.2024

M6 NGIR, datert 03.06.2024

M7 Kystverket, datert 24.06.2024

P8 Bente og Gjermund Halsvik, datert 20.06.2024

O9 Nord Terminals AS, 17.06.2024

O10 Nord Terminals AS, 01.07.2024

Handtering og vurdering av merknadane.

Tiltakshavar/planleggar har fått merknadane oversendt og har vurdert desse i eige merknadsdokument. Vidare er dei fleste tiltaksrelevante merknadane innarbeid plandokumenta som er revidert og innsendt 02.07.2024. Planavdelinga har så vurdert dette samla.

M1 Statens vegvesen (SVV), datert 20.06.2024

Kryss mot offentlig veg, fv. 57: Dersom bygde vegar avvik frå desse krava bør dei likevel regulerast i tråd med normalane. Oppmodar til at også private internvegar vert planlagde etter vegnormalane. Ved fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklart med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn.

Internvegnett: Det er ikkje teikna inn fortau / gangveg i plankartet, med unntak av kryssområdet mot fv. 57 og langs BKB1 og BKB2. Ber om at det vert gjort ei vurdering av behovet for tilrettelegging for at ein kan ferdast på industriområdet som mjuk trafikant

Planleggar skriv at dette er planar for mindre endring av ein høgd på vindturbin, samt tilhøyrande trafostasjon, tiltak vil ikkje generere vesentleg meir trafikk.

Det er svært lite ferdsle av mjuke trafikantar internt i området. Risikoen for mjuke trafikantar er derfor vurdert som låg, og ein kan per i dag ikkje sjå behov for å leggje særskild til rette for mjuke trafikkantar inne på industri- og næringsområdet. Det gjeld både syklende og gåande. Vi merkar oss likevel innspelet, og tek dette med i arbeidet med reguleringsplanen for heile næringsområdet, som er i oppstartsfasen no. Då kan vegsystemet i heile området sjåast i samanheng.

Statens Vegvesen oppmodar vidare til at veg / vegareal vert utvida. Anten gjennom større breidde på vegen, og/eller gjennom breiare stripe langs vegen med føremål annan veggrunn. Slik planen er no, inkludert ei svært smal byggjegrænse mot veg på industriområda, vil framtidig utviding av vegen bli hindra. Kan bli behov for breiare vegareal enn det behovet ein ser i dag.

Planleggar skriv at: Plankartet blir elles justert slik at anna vegareal blir utvida med 1 meter på kvar side, og byggjegrænsene blir justerte tilsvarande. Det gjer at det blir meir rom for utvidingar og justering av vegtraseen, og framtidig areal til at eventuelle gåande kan bruke vegskuldra. Det blir også noko meir plass mellom senterlinje veg og byggjegrænsene.

Planavdelinga vurderer at planleggar har gjort dei grepa som er naudsynt for å sikre areal til framtidig utviding og for å kunne legge til rette for mjuke trafikantar på sikt. Vegsystemet er oppdatert i høve dagens situasjon og i høve dispensasjon som er gjeve i saka. Ein skal no starte på ny større plan som skal sjå heile Sløvågområdet under eitt, vi er samd at det er ein tilfredsstillande framdriftsplan. Det lagt inn tiltak frå ROS-vurderingane, her under siktbetring, spegel og vikepliktskilt i føresegnene pkt. 3.4.

M2 Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.06.2024

Oppfattar at denne planen vert endra som følgje av endring i tilgrensande plan (detaljregulering for Gulen industrihamn), der endringane fører til konsekvensar for tryggleikssoner, støy, iskast og skuggekast. Endringane som er søkt om legg til rette for at det kan førast opp ein vindturbin i tilgrensande plan. Statsforvaltaren har vesentlege merknadar til at tilgrensande plan vert handsama etter forenkla prosess. Statsforvaltaren syner til fråsegn datert 21.06.2024 til detaljregulering for Gulen industrihamn, der dei ber om at planendringa vert handsama etter ordinær prosess.

Statsforvaltaren har ikkje vesentlege merknadar til at det vert gjort justeringar og tilpassingar til bygd situasjon i den føreliggjande planen som denne saka gjeld.

Statsforvaltaren forventar likevel at kommunen venter med slutthandsaming av denne endringa til etter at den andre planen er ferdig behandla.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt vedtak i saka til klagevurdering

Planleggjar skriv: Forslagsstillar forstår fråsegna slik at statsforvaltaren ikkje har merknader til at endringane i denne planen blir gjennomført etter ein forenkla prosess. Det vert elles vist til vår kommentar til fråsegna frå statsforvaltaren til detaljregulering for Gulen industriham, planID 2013003.

Planavdelinga er samd i planleggars vurdering. Statsforvaltaren har ikkje vesentlege merknader til endringar i denne planen, men ønskjer at vi ventar med å slutthandsame denne planen til naboplan er avklart. Planavdelinga ser også desse planane i samanheng, og med bakgrunn i vår vurdering av tilstøtande plan, ser vi ingen vesentleg grunn for å avvente hansaming av føreliggjande plan.

M3 Fiskeridirektoratet, datert 18.06.2024

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at planendringa vil ha vesentlege negative konsekvensar for fiskeri- eller akvakulturinteressene. I kartverktøyet til Yggdrasil (fiskeridir.no) er det i området søknaden gjeld registrert ein større tareskogførekomst av viktig verdi.

Planleggjar skriv: Vert teke til etterretning. Informasjon om tareskogførekomsten blir teke med i arbeidet med reguleringsplanen for heile industriområdet, som er i oppstartsfasen

Planavdelinga seier seg samd i planleggars sine vurderingar.

M4 Vestland fylkeskommune, datert 21.06.2024

Fylkeskommunen har ingen merknadar til planendringa, men viser til fråsegn datert 25.8.23 til oppstart av reguleringsendring for Gulen industrihamn (planID 2013003), og til fråsegn 21.6.24 til planendring etter forenkla prosess for den same planen.

Planleggjar skriv at dette vert teke til etterretning.

Planavdelinga seier seg nøgd med Fylkeskommunen sine vurderingar.

M5 NVE, datert 18.06.2024

I føresegn § 5.5 må det gå tydeleg fram at det er eit fareområde.

I planframlegget ligg det vedlagt ei vurdering av fare for steinsprang frå ei utsprengt skrånning, og at det vert anbefalt med eit sikringstiltak. NVE uttaler seg ikkje til utsprengde område, gir fagleg råd om at tilrådingane om sikringstiltak vert følgt opp.

Planleggar skriv: Føresegn 5.5 gjeld arealføremålet energianlegg, som er området der det er lagt til rette for ein transformatorstasjon. Føresegn 8.3 gjeld fareområde høgspenningsanlegg (omsynssone H370). Det vert presisert i føresegn 8.3 at H370 er eit fareområde. Det er ikkje lagt opp til at det er byggjeforbod, men at tiltak må godkjennast av leidningseigar. Merknad knytt til steinsprang vert teke til etterretning.

Planavdelinga Etter ny felles vurdering er føresegna §8.3 endra til at H370 er ei faresone, vidare at det ikkje er tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspenninganlegget, og at dette skal dokumenterast i søknad. Med det er det også tenkt at om det skal søkjast å etablerast tiltak i faresona, lyt ein også ha gjort avklaringar med ledningseigar/turbineigar eller andre avklaringar før søknad vert sendt.

M6 NGIR, datert 03.06.2024

Det blir vist til at meldinga er sendt NGIR Drift AS, som ikkje har mynde til å gje fråsegn. Det blir bedt om at dokumenta blir sende NGIR IKS i staden.

Planleggar skriv: Gulen kommune har ettersend dokumenta til NGIR IKS.

Planavdelinga: stadfester dette

M7 Kystverket, datert 24.06.2024

Det er berekna at omfang av ising vil vere særst avgrensa. I ROSanalysen blir det foreslått avbøtande tiltak som vi støtter som skilting, prosedyrar for opphald og bruk av verneutstyr i området når det er fare for ising, system for deteksjon av is på turbinen med varsling på land og sjø. Alternativt stoppe turbinen når det er tilhøve for iskast. Av omsyn til tryggleiken i farvatnet og andre brukarar blir det oppfordra til at kommunen til å følgje opp føreslåtte avbøtande tiltak i forhold til iskast i sine vedtak.

Vi ser i ettertid at planleggar (truleg) ikkje har svart ut denne, men det ligg tilsvarande merknad for naboplan der planleggar skriv følgjande:

Planleggar skriv: Vert teke til etterretning. Tiltakshavar viser til at iskast vil vere ein del av konsesjonsbehandlina..

Planavdelinga seier seg samd i denne vurdering. Det vil vere konsesjonsgivar som vil setje vilkår og følgje desse opp i konsesjonen og tilhøyrande detaljplan.

P8 Bente og Gjermund Halsvik, datert 20.06.2024

Reagerer sterkt på handsaminga av heile saka, der kommunen freistar å kjøre over naboane med ein forenkla prosess for å unngå dobbeltbehandling. Høgda på vindturbin er vesentleg endring, påverknad i høve støy.

Planleggar skriv mellom anna: Konesjonssøknaden for vindturbinen er konsekvensutgreidd og har vore på høyring, og innbyggjarane og andre sitt syn på saka er godt dokumentert i samband med dette. Gulen kommunestyre har gjeve positiv fråsegn til konesjonssøknaden etter gjennomført høyring, og gjeve administrasjonen fullmakt til å vedta planendringa.

Både KU og ROS er gjennomført av fagkyndige etter gjeldande metodikk

Planavdelinga meiner dette innspelet som er ein rein kopi av innspelet for planendring i naboplanen og høyrer til der. Tiltaka i inneverande plan omfattar ikkje høgde, skuggekast og anna påverknad frå turbinen i høve bebuarar. Vi viser til vår vurdering i den andre planen.

O10 Nord Terminals AS, 17.06.2024

Merknad i høve at tiltak vil redusere moglegheita for petroleumsvirksemd STS ved kai 3 i planen (omtalt som kai 9). Dei skriv at: Konklusjon: - Det kan ikkje akseptrast at naudsynt sikringsfelt og tryggleikssone rundt kai 9 blir endra på ein slik måte at han ikkje kan byggjast som prosjektert og godkjend. - Det vil vere mogleg å gjere endringar i føremål, sikringsfelt og tryggleikssone rundt delar av området som er sett av til råolje- og petroleumsterminal.

Denne merknaden er seinare trekt jf. følgjande merknad:

O11 Nord Terminals AS, 01.07.2024

«Jeg viser til min e-post av 17 juni under. Jeg har i dag fått avklaringer fra Wergeland Gruppen vedr. endelig plassering av den permanente turbinen og at den ikke vil være til hinder for bygging av ny Kai 9 og full utnyttelse av denne, herunder at det vil kunne etableres nødvendige sikringsfelt og sikkerhetssone. Vi anser dette for å være godt nok for oss i og med at det ikke er planlagt umiddelbar byggestart for Kai 9, slik at prøveturbinens plassering ikke vil ha betydning i den sammenhengen. Basert på dette, har vi fått de avklaringer og forsikringer vi trenger og har derfor ikke behov for å opprettholde våre innsigelser i sakens anledning.»

Planleggar skriv samla: Nord Terminals og Wergeland Eigedom er einige om at kai 9/sikringsfelt og tryggleikssone skal flyttast slik at det vil kunne etablerast naudsynte sikringsfelt og tryggleiksfelt som ikkje kjem i konflikt med vindmølla. Dette skal regulerast i ny detaljreguleringsplan for området. Nord Terminals anser dette for å vere godt nok sidan det ikkje er planlagt umiddelbar byggestart for Kai 9, slik at prøveturbinens plassering ikkje vil ha betydning i den samanhengen. Nord Terminals har fått dei avklaringane og forsikringane dei treng og har difor informert kommunen om at dei ikkje har behov for å oppretthalde merknadene sine i samband med saka. Merknaden er trekt

Planavdelinga viser til at partane er vorte samde i at reguleringsendringa kan gjennomførast slik den er omsøkt. Vidare at det planlagte titaket, Kai 9 (kai 3 på plankartet) ikkje er bygd, og at rammeløyve i sak 027/14 er utgått. Vidare konkluderer vi at planmessig flytting av Kai 3 med tilhøyrande tryggleikssoner vil kunne skje i ved endring av detaljregulering av området i større plan.

Oppsummering av merknader.

Planleggar har gjort greie for sine vurderingar i høve dei faglege innspela som er komen frå Statens Vegvesen, Kystverket, Fiskeridirektoratet og NVE. Vidare har ein løyst potensiell arealplankonflikt med Nord Terminals as. Vi tek og med oss den positive merkna den frå Fylkeskommunen. Dei andre merkna handlar om planprosess og tilhøve i naboplan.

Plansaka.

Denne planendringa kjem som følgje av konsesjonssaka i høve vindturbin i naboplan Plan ID 4635-2013003, og planendringa som er gjort der. Tiltaket der påverkar føreliggjande plan, ved at ny transformatorstasjon og tilhøyrande høgspennetrace med faresone skal etablerast, tryggleikssoner for og petroleumsaktivitet reduserast, vidare vert faresone støy og begrensing i høve iskast frå turbinen liggjande delvis her.

Saka er innsendt som søknad om endring etter forenkla prosess etter plan og bygningslova §12-14, datert 15.05.2024. Tiltakshavarar er Ge/Wergeland group as. Plankonsulent har vore Sweco Norge as.

Sweco skriv om saka:

Området er opparbeidd og ferdigstilt om lag i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen. På industrianlegget står det oljetankar som utgjør risiko for brann. Det er derfor sett av ei sikringssone i plankartet som sikrar denne sona etter brann- og eksplosjonsvernloven (LOV-2002-06-14 nr. 20). Det som vart sett av som sikringssone i 2014 er mykje større enn det som er teke i bruk i dag. Det var den gang tenkt å utvide arealet med oljetankar, men det er ikkje lenger aktuelt. På nabotomta har Sweco parallelt sendt inn ein søknad om reguleringsendring på planID 2013003 etter forenkla prosess på vegne av Wergeland Gruppa AS. Bakgrunnen for dette er at Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin.

Transformatorstasjonen til vindturbinen er tenkt plassert innanfor industriområde B19, innafor det som er sett av med sikringssone H350 brann- og eksplosjonsfare i gjeldande reguleringsplan. Sikringssona overlappar dessutan med området der vindturbin er tenkt oppført innanfor detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003. Det er derfor viktig at sikringssona blir endra, slik at det kan førast opp både vindturbin i naboplanen og transformatorstasjon i denne planen.

I tillegg vert det retta opp i det interne vegnettet på tomten etter ynskje frå kommunen, og lagt inn kaiar som er bygd i nord.

Det er positivt at området som vert utsett for brann- og eksplosjonsfare er redusert, og industritomta kan derfor utnyttast betre til anleggsverksemd. Ikkje minst er planen om havvindturbin på nabotomta eit viktig tiltak for å være med på det grønne skiftet og nå måla om å redusere klimagassutslepp.

Det er starta arbeid med ein reguleringsplan som skal rydde opp i fleire gamle reguleringsplanar med sikte på å oppdatere desse til dagens realitet og behov. Fleire forhold

frå føreliggjande plan (Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn), vil bli vurderte og eventuelt reviderte i den nye reguleringsplanen. Planleggar oppsummerer slik:

Dette er ein forenkla planomtale for endring av nemnde reguleringsplan. Endringa blir gjort etter ein forenkla prosess, jamfør plan- og bygningslova § 12-14. Grunngevinga for dette går fram av kapittel 3.

- Hovudendringa går ut på å endre sikringssona for brann- og eksplosjonsfare.
- Det er lagt til rette for ein transformatorstasjon innanfor industriområde BI9.
- Det interne vegnettet er bygd annleis enn kva som tidlegare er regulert, og dette er dermed oppdatert etter ønske frå kommunen.
- Kaiar i nord, som inngår i næringsområde BI1 - a og Kai 1 - a, er teke inn i samsvar med bygd situasjon.
- Planområdet er redusert i sør, ettersom dette arealet inngår i detaljregulering for Gulen industrihamn, planID 2013003.

Det innsende planmaterialet


Plankartet er i hovudsak endra ved at dagens tryggleikssone H350_1 ved kai 3 vert tatt bort. Dette er gjort då det ikkje lengre aktuelt med tankanlegg på området Industri 9 eller STS operasjonar ved kai 3 (også omtalt som kai 9). H350_1 og H350_2 er eksisterande faresoner med oppdatert nummerering.

Nytt arealformål BEI energianlegg/trafostasjon, samt omsynssone for høgspent H370 i samband med dette og trace for høgspenkablar. Vegnettet er oppdatert til å syne dagens situasjon/dispensasjon i samband med dette.

Vidare er det i ettertid gjort ei justering av vegareal auka med 2 m breidde og byggegrense for veg justert tilsvarande i samsvar med vegvesenet sitt innspel. (sjå eventuelt detaljforklaring om vegar i søknad)

Kaiområde nord i planen er teke inn slik det er bygd.

Av direkte konsekvensar av endring av naboplan er det lagt inn raud støysoner H210, og det vert begrensingar i høve bygg og aktivitet i høve iskast med ein avstand på 175m frå turbinen. Elles er det å merke seg at naboplanen har teke føre seg ein bit av føreliggjande plan aust på kai 3. Dette for å sikre faresone iskast vert liggande i same reguleringsplan.



Figur 1. Plankartet til venstre viser sikringssone fra 2014, mens kartet til høyre viser ny sone som er snevra inn i samsvar med dagens bruk. Beregninger gjort av EnergiNorge (2009). Planområdet er redusert i sør, ettersom dette arealet inngår i planID 2013003. Plassering av planlagt vindturbin er vist med påskrift.

Føresegner:

Plankartet i 2014 blei laga etter gamal sosi-versjon, og kodane for dei ulike formåla er endra. Desse er oppdatert i dei nye føresegnene i samsvar med nytt plankart.

Hovudendringane i føresegna er:

§1.2 Unntak for løyve til installasjonar og anna for petroleumsprodukt innført for felt 9,10,11 og 12. (for å kunne ta bort sikkerheitssone)

§1.6 utgår

§1.9 Nytt punkt for Iskast, sone på 175 meter frå vindturbin i naboplan der det er forbod mot tiltak og verksemder som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast.

§1.10 Nytt punkt som sikrar nye bygg mot framtidig støy, skuggekast og iskast. Vidare at innandørs støynivå i kontor, opphaldsrom og anleggsbrakker skal vere i samsvar med gjeldande regelverk. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillast krava til arbeidstilsynet.

§5.1.2 maks byggehøgde for område Industri 9 er sett til + 30 m

§5.1.3 Byggegrense mot sjø i BI1- a går i føremålsgrensa.

§5.2. her under §5.2.1 som endrast, §5.2.5 og §5.2.6 som utgår for å hindre petroleumsrealiterte tiltak på område 9,10,11 og 12.

§5.5 Nytt punkt for Energianlegg (BE) som gjeld trafostasjon og høgspenkablar

§6.3.2 og §7.3 endrast slik at Kai 3 går ut i forhold til petroleumsinstallasjonar og STS operasjonar.

§8.2 Sone for brann/eksplosjonsfare, tekst endrast som ledd i at petroleumstiltak/aktivitet og STS operasjonar for Kai 3 går ut. Sone H350_1 og H350_2 ver faresone for tankanlegg/petroleumsaktivitet og STS ved kai 2. Ny tekst i høve forbod mot etablering av bygg og verksemder med varig opphald innanfor H350 faresona.

§8.3 nytt punkt- faresone for Høgspenningsanlegg H370.

Vidare at det ikkje er tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspentanlegget, og at dette skal dokumenterast i søknad. Med det er det også tenkt at om det skal søkjast å etablerast tiltak i faresona, lyt ein også ha gjort avklaringar med ledningseigar/turbineigar eller andre avklaringar før søknad vert sendt.

§8.4 Raud støysone for Vindturbin. Støysone H210 seier det ikkje kan oppførast støysensitive verksemder som kontor eller opphaldsrom utan tiltak som sikrar at krav i høve støy i arbeidsplassforskrifta vert tatt i vare.

Elles er det gjort mindre tekstlege endringar og justeringar.

ROS er vurdert i høve endringa av planen og i samsvar med kommunestyret sine føringar. Det er gjort egne ROSvurderingar/rapportar i høve fare for steinsprang og trafikktryggleik. I hovudvurderinga er det gjort ei innleiande risikoidentifisering/kartlegging av moglege hendingar og potensielle farer innanfor planområdet. Det er av dette vurdert 12 konkrete hendingar i analysa, her under steinsprang, stormflo/havstigning, sabotasje/terror, utslepp til sjø, kollisjon med ferjetrafikk, brannfarleg verksemd, forureining til sjø, brot på straumforsyning, støy frå turbin, iskast frå turbin, skuggekast frå turbin, trafikktryggleik på private vegar.

Ut i frå dette er det gjort oppfølgjande tiltak av i høve faresoner, samt at fleire avbøtande tiltak ligg i eller vert teke inn i føresegnene til planen, her under steinsprang (1.5), iskast (1.9), og støy (8.4). Det er også gjeve ulike råd ved fare for Ising/Iskast som fareskilt, og ulike prosedyrer ved drift av vindturbin. I samband med mindre tiltak i høve vegsystemet vert det anbefalt mellom anna å betre sikta ved ulike kryssingspunkt, setje opp spegel og vikepliktsskilt, dette er og no teke inn i føresegna.

Planleggar skriv også at: «Det blir påpeika at den føreliggjande planen gjeld ei mindre reguleringsendring der sikringssona for eksplosjonsfare blir innskrenka og at det blir etablert eit areal til energianlegg (transformatorstasjon), i tillegg til at kai og vegsystem er oppdatert i samsvar med gjeldande situasjon. Fleire av hendingane som er identifiserte er derfor ikkje aktuelle for denne reguleringsendringa, men vidareført frå gjeldande reguleringsplan.»

Konsekvensar av endringa.

Planleggar skriv: I gjeldande plan er det allereie godkjent industriverksemd som dekkast med 379,6 daa sikringssone for brann-/eksplosjonsfare. Det vert no redusert til 156,9 daa, og er derfor ei positiv endring med omsyn til konsekvensar. ROS-analysen vert godkjent med eit så stort område med denne omsynssona, og ettersom det berre vert redusert i denne endringa endrast ikkje ROS-analysen. Vegsystem og kaiar er endra i høve til tidlegare plan, men er i samsvar med allereie bygd situasjon. Endringane vil difor ikkje medføre verknader ut over dei som allereie er til stades. Etablering av vindturbin i naboplanen planID 2013003 medfører fare for støy, skuggekast og iskast. Desse verknadane er vurdert og tilrådde tiltak er teke inn i planen

Saksvurdering og konklusjon

Dialog med planleggar og tiltakshavar

Planavdelinga vil peike på at det i denne saka har vore ein lang og til dels krevjande dialog i høve planleggar og tiltakshavar med å få på plass eit tilstrekkeleg plangrunnlag som kunne sendast på høyring etter forenkla prosess. Vi har arbeid med denne saka sidan desember 2023, og det har vore fleire skifte i mannskap frå planleggar si side utan at ein har greidd å få på plass tilfredsstillande materiell. Når det er sagt er vi nøgd med det materiellet og den vurderinga som no er lagt i materiellet som no er arbeidd fram.

Planavdelinga vurderer saka slik

Saka dreier seg om teknisk tilrettelegging og justering av planen for å kunne tillate oppføring av vindturbin med høgd på 275m i tilstøytande plan Gulen industrihamn ID 4635- 2013003 Den største endringa er å ta ut moglegheita for petroleumsaktivitet for Kai 3 og Industriområda, 9, 10 ,11, og 12. Dette vert gjort gjennom å ta ut tryggleiksonene og ta vekk moglegheita til slike tiltak og verksemder i føresegnene til planen. Vidare er Raud støysone vist på plankart. Iskast gjev og konsekvens, der denne gjev begrensingar innan 175m frå turbinen.

ROS-vurderingar

Det er gjort ROS-vurdering av konsekvensar av endringa av planen. Metodikken er i samsvar med rettleiaren frå DSB. Det er først gjort ei risikoidentifisering, vidare er 12 relevante tema teke vidare for konkret ROS vurdering, ut i frå dette er det gjort ei samanstilling av risiko. Til slutt er det vurdert tiltak for å redusere risiko og såbarheit. Tiltak frå ROS vurderinga er så vurdert implementert i plankart og føresegnene.

Vi finn at vurderingane er tilfredsstillande for denne endringa.

Plankart.

Etter at plankartet no er justert i samsvar med hovudtrekka i Statens Vegvesen sine merknader om auka vegbreidde og byggegrenser, finn vi at dette er tilstrekkeleg i denne omgang. Fare -og omsynssoner i tatt vekk og justert i samsvar med plassering av vindtubin i naboplanen. Andre justeringar i høve dagens bygde situasjon er også gjort.

Vi finn at plankartet no er tilfredsstillande i høve denne endringa.

Føresegner.

Tiltak frå ROS vurderinga er (delvis også frå tidlegare) implementert i føresegnene for planen, her under steinsprangsikring, utslepp, støy, skuggekast, havnivå, konsekvens for råoljeterminal og iskast. Vidare er det gjort nødvendige endringar og tilføyningar i samsvar med planendringa. Ein har og fått med nytt punkt i fellesføresegna 1.10 som sikrar nye bygg i høve framtidig støy, iskast og skuggekast. Her ligg det og krav til innandørs støynivå for kontor, opphaldsrom og anleggsbrakker.

Vi finn at føresegnene til planen etter dette er tilfredsstillande i høve denne endringa.

Tiltak i plan

Dei nye tiltaka i planen legg til rette for at vindturbin i naboplan kan etablerast som omsøkt. Dette vil kunne gje ei meir berekraftig og framtidsretta næring i Sløvåg. Dersom testperioden vert velluka, vil dette kunne medverke til ytterlegare utvikling av havvindturbin industrien, som kan verte til nytte globalt. Når testperioden er over vil turbinen produsere nok straum til at industrien i Sløvåg fult ut kan eltrifiserast. Dette vil kunne gje eit konkurransefortrinn når anbod skal vannast, og vidare bidra til redusert klimagassutslepp.

Føresegna sikrar krav og gjennomføring

Det er i planen føresegner som sikrar bygg og anlegg i høve verknad frå vindturbinen, her under støy, skuggekast og iskast. Det lagt opp til rekkefølgekrav som mellom anna sikrar tiltak på veg, her under siktforbetring, spegel og vikepliktskilt. Elles vil NVE gje sjølvbyggeløyve/konsesjon med detaljplan for utbygging av transformatorstasjon, og skal følgje opp krava i denne.

Trafikktryggleik. Det er lagt vekt på å finne gode løysingar for trafikkavviklinga i området. Dette er inne på eit privat næringsområde og det er interne reglar om 30 Km/t sone. Det er vert sett av framtidig areal til utviding av veg og eventuelt etablering av fortau. Vidare er det tatt inn punkt i føresegna som sikrar siktrydding, speglar og vikepliktskilt.

Universell utforming.

Det er ikkje spesielle tiltak innan planen i høve universell utforming. For bygg og uteområder vert dette sikra gjennom byggt teknisk forskrift TEK 17.

Naturmangfald. Tiltaka i planen er inne på eit ferdig opparbeid industriområdet. Her er ikkje meir natur av verdi att. Dei endringa som vert gjort i planen påverkar ikkje dette.

Saka stettar mål i samfunnsplanen.

«Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv»

«Næringslivet skal vere variert og framtidsretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til. »

Tiltaket støttar begge desse hovudmåla i samfunnsplanen.

Økonomiske konsekvensar

Utbygginga vil i byggeperioden bidra til bruk av det lokale næringslivet. Omfanget vil vere basert på omfanget av oppdraga som vert gjeve. Når hovudtiltaket er gjennomført vil dette bidra til nye arbeidsplassar i Sløvåg og til omdømme som grøn industrihamn. Tiltaket vil også bidra til kommunen sin økonomi med eigedomsskatt og produksjonsavgift.

Forholdet i høve forenkla prosess etter plan og bygningslova §12-14.

Planfremjar har vurdert saka slik:

Planforslaget vert fremja som reguleringsendring etter forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-14. Lova gjev moglegheit for å vedta endring av reguleringsplan etter ein enklare prosess, når endringane:

- i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen
- ikkje går utover hovuddrammene i planen
- og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde

Endringane inneber reduksjon av sikringssona for brann- og eksplosjonsfare og at vegsystem og kaiar i nord blir oppdaterte i samsvar med gjeldande situasjon. Endringane er vurdert til i liten grad å påverke gjennomføringa av gjeldande plan, då området allereie er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen.

Endringa går heller ikkje utover hovuddrammene i planen, som er industriverksemd og kaiar med tilhøyrande funksjonar.

Gjeldande plan er allereie godkjend med eit større område med sikringszone for brann-/eksplosjonsfare. Endringa legg til rette for at det kan førast opp ein vindturbin innanfor tilgrensande plan, planID 2013003. Reguleringsendringa medfører ingen konsekvensar ut over gjeldande situasjon, og påverkar ikkje allmenne interesser, tryggleik eller miljø.

Etablering av vindturbin innanfor naboplanen er teke høgde for med tilrådde tiltak mot støy og iskast.

Planavdelinga er samd i søkjar/planleggjar si vurdering. For denne planen er det i utgangspunktet små endringar og faretilhøva går ned når den planlagde petroleumsverksemda går ut i delar av planen. Den resterande planen er stort sett ferdig opparbeidd/utbygd. Tiltaka vil ikkje få konsekvensar for natur eller friluftsområde.

Det er ingen av merknadane som direkte kjem med motstand mot å gjennomføre endringane i denne planen etter forenkla prosess. Planavdelinga er samd med vurderinga til planleggjar. Søkknaden er i samsvar med intensjonen i pbl §12-14 og kan handsamast etter forenkla prosess.

Det ligg føre merknad frå Statsforvaltaren der ein har ei forventning om at kommunen ventar med slutthandsaming av planen til naboplanen er ferdig behandla.

For kommunen er det mest naturleg å handsama desse planane som har tett tilknytning, til same tid. Vi vil tru dette sparar både oss og dei som skal vurdere planane/høyringsinstansar for tid. Om naboplanen vert omgjort til ordinær planprosess, vil dette etter vårt syn ikkje

føre til faktiske endringar i den planen, og dermed vil det heller ikkje virke på føreliggande plan. Vi finn difor ikkje grunnlag til å avvente handsaming av denne plan.

Konklusjon.

Planavdelinga finn at planleggar har gjort eit godt arbeid med endringa av planen.

Våre merknader og kommunestyret sine føringar for arbeidet er teke i vare.

Dei faglege innspela frå andre instansar er i hovudsak teke omsyn til. Planen kan godkjennast slik den ligg føre

Rett til klage

Vedtaket kan klagast på, jamfør siste side.

Med helsing

Kjell Anders Reigstad
Plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2024/462. Les meir om eDialog på <http://www.gulen.kommune.no/kontakt-oss>

Vedlegg

- 1 1. Søknad om endring etter forenkla prosess_råolje og pet.term._12.07.24
- 2 2. Plankart Råoljeterminal Sløvåg PlanID 2013002 gbnr 63-35 datert 040724
- 3 3. Føresgner Råoljeterminal Sløvåg PlanID 2013002 gbnr 63-35 datert 12.07.24
- 4 Merknad M1 Statens vegvesen
- 5 Merknad M2 Statsforvaltaren i Vestland
- 6 Merknad M3 Fiskeridirektoratet
- 7 Merknad M4 Vestland fylkeskommune
- 8 Merknad M5 NVE
- 9 Merknad M6 NGIR drift as
- 10 Merknad M7 Kystverket
- 11 Merknad O9 Nord Terminals AS
- 12 Merknad O10 Nord Terminals AS
- 13 Merknad P8 Bente og Gjermund Halsvik

Kopi til:

MOTVIND VEST

EIDSBOTN VEL

NEI TIL VINDKRAFT I GULEN

NORGES MILJØVERNFORBUND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

BKK AS

FISKERIDIREKTORATET

NORLED AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

KYSTVERKET

NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

STATENS VEGVESEN

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE

MILJØDIREKTORATET

FORSVARSBYGG

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

FOLK FOR FJELLA

BERGEN HAVN AS

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT OPPGAVEFELLESSKAP

Birkeland Entreprenørforretning AS

BRUDEVOLL ROAR HARALD

ANGELTVEDT ØYVIND

ASHEIM MORTEN

ASHEIM THERESE KJELBY

BAKER HUGHES NORGE AS

BØRNES SINDRE TENJUM
DC HALSVIK AGGREGATES AS
ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS
DAAE MONICA
ERIKSEN ARNE
ERIKSEN GUNN N HALSVIK
FESTERVOLL LIV INGEBJØRG
GULEN KOMMUNE
HALSVIK BENTE GRO
HALSVIK GJERMUND HAUGSDAL
HALSVIK JARLE
HALSVIK RUNE
HALSVIK TORE
HUGLEIK HALSVIK
SVEIN GEORG HANSEN
HELLANDSJØ LARS BJARNE
HØYVIK DORTHE
INVEST24 EIGEDOM AS
JKT BIRKELAND INVEST AS
KJELBY RAGNHILD REKNES
LJOSHEIM TROND EIGIL
LOSNEHAHL RANDI
NILS OTTAR MOLDE
NERDAL DENNIS
NILSEN KURT ERIK
NORD TERMINALS SLØVÅG AS
NORDAL LINDA SOLHAUG
NORDAL ÅSHILD SOLHAUG
OPSAHL TINA
INGER ANNE RINGEREIDE

RINGEREIDE JØRGEN
SIMONSEN INGRID HOLCK
SLØVÅG NÆRINGSBYGG AS
SLØVÅG UTVIKLING AS
SOLHAUG HEIDI
STEINE BERIT
STEINE JON IVAR
STEINE JULIAN
STORETVEDT HANS KÅRE
STORETVEDT SVEIN ARNE
UNNELAND BENT JOHAN
UNNELAND HARALD FRODE
ARILD UTAKER
VESTLAND BASE AS
WERGELAND EIGEDOM AS
WERGELAND ELISABETH
WERGELAND HANS HARRY
WERGELAND IRENE
WERGELAND PROPERTY AS
WERGELAND TERJE
WERGELAND TRUDE AINA
FJORD1 AS
Gulen og Masfjorden Brannvern

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Forvaltningslova § 27 tredje leddet

Denne meldinga gjev viktig informasjon om du vil klage på eit vedtak (enkeltvedtak) som du er gjort kjend med og gjeld deg som part i saka.

Klagerett	Du har rett til å klage på vedtaket (enkeltvedtak).
Kven kan du klage til?	Klaga sender du til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.
Klagefrist	Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Du kan søkje om lengre klagefrist om du har særskilde grunnar.
Enkeltvedtak skal grunngjevast	Meiner du at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan du krevje slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå dagen du får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	Du må presisere: <ul style="list-style-type: none">- kva vedtak du klagar på- årsaka til at du klagar- den eller dei endringar du ynskjer- ev. andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klaga. Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om du har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføring av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokument og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§18-19 i forvaltningslova. Du kan få nærare rettleiing om retten til å klaga, om framgangsmåten og om reglane for saksgongen. Du kan, om naudsynt, søkja om å få dekka utgifter til vesentlege kostnader for å få endra vedtaket, jf. § 36 i fvl. Klageorganet vil orientere deg om retten til å krevje slik dekning.
Klageinstans	Klaga vert fyrst handsama i organet som har gjort vedtak. Om organet held fast på sitt vedtak, går saka til det faste utvalet for klagesaker (som i Gulen kommune er formannskapet), ev. kommunestyret, klagenemnda for eigedomsskattesaker eller Fylkesmannen i særskilde saker.
Klage til Sivilombodsmannen	Om du meiner du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltningen, kan du klage til Sivilombodsmannen. Han kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko.